

Programmet på Bøkkerveldene.

18.06.2015



Ole Jakob Hystad bles det i gang kl.21 med Å, Vestland, Vestland.

**Bøkkerveldene vert arrangert på Rød for 19. gang komande laurdag, og no er det endelege programmet klart i detalj. Ramma er den same som har ført til stemningsfulle og populære arrangement tidlegare år, men innhaldet varierer noko. Påmeldinga til no har vore bra så det ligg an til ein vellukka kveld.**

Som vanleg startar kvelden med samling ute på kaien kl.20.30 der fartøya kjem til lands. Alle må møta seinast kl. 21, for då vert det ønskt velkommen og den eminente jazzsaksofonisten Ole Jakob Hystad bles i gang den meir formelle delen av programmet. Deretter fortel Olaf Johan Kristiansen om Kongelig Norsk Seilforrering og det å bu i båt.

Deretter vert det samling i sjøbua, og ein kan som alltid nyta topp jazzmusikk med Borge Olsen Jazzband. Kåseri hører også med. Tradisjonen tru vil Dag Helland ta for seg den næringsrike lubbesilda. I tillegg kan vi høyra Reidar Myklebust snakka om temaet Kultur og helse.

Etter dette er dei frammøtte godt rusta til matøkt, og då er det som alltid lubbesild, poteta med skalet på og Mors flatbrød. Det gjestene vil drikka til, må dei ta med sjølve. I tillegg til drikke bør ein også ta med seg varme klede.

Til tonane frå Borge Olsen Jazzband vil det garantert bli god stemning i Bøkkerverkstaden utover kvelden. Av omsyn til mat må dei som vil oppleva dette, meld a seg på på førehand til Kristian O. Bringedal, mobil 915 31 487.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen.